



28.–29. oktober

på Rica Sunnfjord Hotel i Førde

Å vere hjelper til små barn - frå uro til ord

Småbarndagar 2009

www.smabarnsdagane.no

ONSDAG 28. OKTOBER

- 09.00–09.45 Registrering, kaffi og rundstykke
- 09.45–10.00 Opning, kulturelt innslag
- 10.00–11.00 Foreldrekonflikt – konsekvensar for barn, og utfordringar knytte til systemarbeid kring desse familiane. Foreldre sine behov for relasjonell kompetanse i møte med barna sine, v/ psykolog Frode Thuen
- 11.00–11.15 Pause
- 11.15–12.00 Foreldrekonflikt i samlivet og etter – konsekvensar for barna
- 12.00–13.00 Lunsj
- 13.00–14.00 Fallgruvane i møte med familiar i konflikt, og korleis ein unngår dei
- 14.00–14.15 Pause
- 14.15–15.30 Korleis ein best tek vare på barna i tilknytning til foreldrekonflikt

TORS DAG 29. OKTOBER

- 09.00–10.00 Samtaler med barn i vanskelege livssituasjonar v/ pedagog Anne Kirsti Ruud
- 10.00–10.30 Kaffi og frukt
- 10.30–11.45 Ovannemnde tema held fram
- 11.45–12.45 Lunsj
- 12.45–14.00 Modellkommuneforsøket – barn av psykisk sjuke og rusmisbrukande foreldre, v/ Førde kommune
- 14.00–14.45 «Rundebord» – kaffi, evaluering og utveksling kring kurset sitt tema



FØRELESARAR

Frode Thuen

Frode Thuen er psykolog og professor ved Høgskolen i Bergen. Han er knytt til Samlivssenteret ved Modum Bad. Gjennom forskning, klinisk praksis og formidling er han spesielt oppteken av samlivs- og familiespørsmål. Kvar veke har han ei samlivsspalte i

Aftenposten. Han har òg vore engasjert i fleire populærvitskaplege TV-seriar i NRK, som «Vendpunkt» no i vår. Han har gitt ut fleire bøker. Den siste «All you need is love – og viljen til å kjempe for den» kom ut i januar. Thuen er ein mykje brukt kurs- og foredragshaldar.

Anne Kirsti Ruud

Anne Kirsti Ruud er klinisk pedagog – førskulelærar og logoped. Ho har hovudfag i pedagogikk og treårig vidareutdanning innan psykisk helsevern. Ho arbeider på Nic Waals Institutt, ein barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk i Oslo. Ho underviser òg mykje,

m.a. i RBUP aust og sør. Ho har vore oppteken av barn i vanskelege livssituasjonar, korleis dei sjølv knyter meaning til slike situasjonar, og korleis ein kan få til best mogeleg kommunikasjon. Ruud er sjølv fostermor og har skrive fleire artiklar m.a. i «Skjønner du?», utgitt på Kommuneforlaget i 1996.

Modellkommuneforsøket i Førde kommune

Førde kommune er ein av 26 modellkommunar. Modellkommuneforsøket er ei felles satsing mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet. Prosjektet vart starta i 2007 og skal vare til 2014. Målet med prosjektet er å utvikle gode modellar for oppfølging av barn av psykisk sjuke og rusmisbrukande foreldre – frå svangerskap til skulealder.

Førde kommune har oppretta ei prosjektgruppe, som er breitt samansett av representantar frå ulike etatar/avdelingar som jobbar med målgruppa i kommunen, samt representantar frå andrelinetenesta. Medlemer av prosjektgruppa vil presentere erfaringar frå arbeidet så langt. Kva fungerer? Kva utfordringar har vi? Korleis fange opp desse barna, og kva hjelp skal dei få?

- Stad:** Rica Sunnfjord Hotel, Førde
- Tid:** Onsdag 28. og torsdag 29. oktober 2009
- Pris:** Kr 600,- for begge dager
- Påmelding:** www.smabarnsdagane.no
Påmelding innan 18. september.
E-post: administrasjon@smabarnsdagane.no
Ved spørsmål, ring Familiehuset tlf. 57 82 84 30
- Betaling:** NB! Påmelding er bindande.
Faktura vert send etter påmelding.

Målgruppe:

Helsesøstre, jordmødrer, kommunelegar, personell ved fødeklinnk og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, PPT, barnevern, barnehagar, pedagogar, psykologar og andre som arbeider med barn og familiar.

Godkjenning:

Kurset vil bli søkt godkjent av Dnlf og NPF, i høve spesialisering/ fagleg ajourføring.

Arr.: «Samarbeidsgruppa for sped- og småbarn i risiko for psykiske vanskar» representert av Førde Bup, Hatlehaugen barnehage, Familiehuset og Barne-, ungdoms- og familieetaten i Førde.

